



Lindås kommune
v/Ordføraren
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

**AD: SJØTROLL HAVBRUK AS – SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ
KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL I SJØOMRÅDA, VED LOKALITET
STORSKREDBUKT, LINDÅS KOMMUNE**

Visar til hyggeleg møte med Lindås kommune 20.5.2014, der Lerøy Vest (LV) og Sjøtroll Havbruk (SH) viste kva aktivitet dei hadde i Lindås kommune og kva behov me treng den næraste tida. I møtet gjekk me også gjennom eigarskap og organisasjon, der me viste at begge selskapa vert styrt av ein organisasjon og er eigd av Lerøy Seafood Group (LSG).

Denne søknaden gjeld SH sin stamfisk aktivitet i Lindås, som føregår i Hindnesfjorden. SH har her to stamfiskkonsesjonar à 780 tonn MTB, på to stamfisklokalitetar lok. 13565 Øvreås og lok. 13566 Storskredbukta. Kvar av desse lokalitetane har eit lokalitetsløyve på 780 t MTB, slik at me i dag har totalt løyve på MTB 1 560 t.

I dag produserer SH stamfisk til laks av SalmoBreed stamme på sine lokalitetar. LSG ynskje i framtida å auka produksjonen av regnbogeaure, og denne stasinga vil føregå i Lerøy og Sjøtroll. For å imøtekoma dette vil SH vri produksjonen av stamfisk over på Regnbogeaure av Akvagen stamma. For å redusera risikoen for sjukdom, få generasjonsskille av stamfisken og brakkleggja både lokalitet og heile fjordsystemet mellom generasjonane, har SH fått løyve til å setja ut stamfisk på lokalitet Tveitnesvik med MTB 1 560 tonn i Maurangsfjorden i Kvinnherad kommune. Dette fører til at me kan samla all produksjon av stamfisk på ein lokalitet i Hindnesfjorden med MTB 1 560 tonn til same generasjon. Dermed kan ein ha ein generasjon stamfisk i Maurangsfjorden utsett vår-partal og ein generasjon stamfisk i Hindnesfjorden vår-oddetal. Denne fisken vert tatt på land på Jakta stamfisk i Fotlandsvåg på Osterøy desember kvart år, og lokalitetane vert da liggjande tom for fisk i tre månader annakvart år.



Ut frå ovannemnde, søker Sjøtroll Havbruk AS hermed om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i sjø, ved lokalitet Storskredbukt Lindås kommune, der me ynskje å utvide det eksisterande akvakulturområdet for å plassera eit anlegg med kapasitet på MTB 1 560 tonn. I vedlegg 1 finn De noverande AK område, i vedlegg 2 finn De posisjonen til noverande anlegg i noverande AK-område på Storskredbukt og i Vedlegg 3 finn De ønska framtidig AK-område, som det her vert søkt om. For å sikra at stamfisken får låg tettleik, kan helda ulike grupper og familiar adskilt og ha ledige bur til å plassera fisken i ved sortering og ulike behandlingar, ynskjer me å utvida anlegget på Storskredbukt frå 3 stk. 25 x 25m bur til 10 stk. 25 x 25m på to rekkje (vist i Vedlegg 2). Arealet som er satt av til AK-område i kommuneplanen er ikkje stort nok til å plassera eit nytt 10 bur anlegg ut frå noverande plassering av anlegget. Me ynskjer samtidig at lokalitet Øvreås vert lagt ned og at AK-området her vert fjerna slik at det ikkje kjem inn andre aktørar på denne lokaliteten.

Me ønskje størst mogleg AK-område, for å kunna plassera og fortøya eit anlegg best mogleg i forhold til Nytek-standarden, straum og botnforholda.

Håpar på eit positivt og snarleg svar på denne søknaden, og er noko uklart ver venleg å ta kontakt med underteikna.


Vedlegg:

Bekkjarvik 26.5.2014


Med venleg helsing
for Sjøtroll Havbruk AS

Nils Arve Eidsheim
Samfunnskontakt Sjøtroll Havbruk og Lerøy Vest

Arealplan Hindnesfjorden




Storskredbukta



Framtidig anleggsareal vert
55 x 132 m pluss flåte

Vedlegg 3

Arealplan Storskredbukta



Ønska utvidning
Av AK-område